

ÅRSMELDING 2023



AUST-AGDER MUSEUM
OG ARKIV IKS

www.aama.no

INNHALDSLISTE

Å ARBEIDE SAMAN	4
AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV SI SAMFUNNSROLLE OG MÅL.....	7
Hovudmål 2018-2023	7
HØGDEPUNKT I 2023	8
Besøksrekord for AAMA.....	8
Metodisk opplegg for kvalitative, fagfellebaserte vurderingar av musea i det nasjonale museumsnettverket	8
De hvide seil – utstilling på KUBEN og i Arendal sentrum	8
Jubileumsutstillinga Byliv!	8
Samarbeidsprosjektet Stolt og Staselig.....	8
Stor utteljing på søknader om statleg prosjektstøtte	9
Utstilling om Statens Gartnarskule	9
RELEVANT FORMIDLING	10
Formidling for barn og unge	10
Produksjon av DKS-tilbodet «Kvar vart det av skogen».....	10
Arendalsveka	10
Nye utstillinger.....	12
Systemspel.....	12
Klinking av ro-sjekte	12
Fotoutstilling saman med Vest-Agder-museet	12
Setesdal stavkyrkje	12
Filatelistutstilling.....	12
Vottar og vantar, sokkar og strømpes	12
Avtrykk.....	12
Anna formidling.....	12
Kurs og arrangement	14-15
Besøkstal	14-15
HEILSKAPLEG SAMLINGSFORVALTNING	16
Standard for samlingsforvaltning - Spectrum 5.0	16
Evje fellesmagasin	16
Inntak.....	16
Gåve etter kunstnaren Olav Bjørgum	16
Konserveringsprosjekt	16
Revisjon av samlingar	17
Fløistad si fotosamling	17
Klimaovervaking.....	17
Forebyggande arbeid	17
Enøk-tiltak.....	17

FORVALTNING ARKIV	18
Styrking av AAma si rolle som arkivdepot og arkivfagleg ressurs for eigarkommunane	18
Digitalt skapte arkiv og digitalisering	18
Auke i mottak av privatarkiv og stort biletarkiv i gåve frå Agderposten	18
MINNE OG SAMTIDSDOKUMENTASJON.....	20
SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON	21
Aust-Agder Arv 2023	21
Bøker	21
Fagfellevurderte artiklar.....	21
Artiklar.....	21
Seminar og konferansar	22
Nettverk og samarbeid	22
TRYGG IVARETAKING.....	24
Rygnestadtunet.....	24
Tveitetunet	24
Hagen.....	24
Sjøbua på Merdø	25
Langsæ gård	25
Restaureringsprosjekt av bygningar i privat eige.....	25
Helle, Valle kommune.....	25
Gamle Botn Hotell, Vinje kommune	25
Ånebjør, Bygland kommune	25
Kompetanseheving.....	25
ANLEGG, TILSLUTTA MUSEUM, NETTVERK OG MEDEIGARSKAP	26
Anlegg og visningsstader	26
Tilslutta museum.....	26
Medeigarskap	26
Faglege nettverk og samarbeid.....	27
Medlemskap	27
Utredning om arkiv- og museumsstrukturen på Agder	27
STYRETS MELDING	28
Eigarar	28
Representantskap.....	28
Styre.....	28
Organisasjonsstruktur og –utvikling.....	28
Felles IKT-løysing for AAma	30
HR-portal og lønns- og reknskapssystem.....	30
Organisasjonskart.....	30
Tilsette, likestilling og inkluderande arbeidsliv	32
Arbeidsmiljø.....	32
Arbeidsmiljøutval (AMU).....	32
Ytre miljø.....	32
Finansiering.....	32
Utfordringar og framtidutsikter	32
ÅRSREKNESKAP, NOTAR OG REVISJONSMELDING	34

Å ARBEIDE SAMAN

Aust-Agder museum og arkiv skil seg på avgjerande måtar frå andre kulturarvinstitusjonar i Noreg. Eigarane våre tok dristige val då dei i 2015 gjekk i bresjen for å etablere ei ny, moderne verksemd, med både museumsoppgåver og oppgåver knytt til offentlege og private arkiv som sitt verkeområde. På denne måten følgde dei både opp ambisjonane som låg i den statlege museumspolitikken om eit tettare samarbeid mellom institusjonane på kulturarvområdet, og førte vidare dei gode tradisjonane i austre del av Agder for eit nært samarbeid mellom museum og arkiv. I dag er me stolte av at AAma-modellen er eit førebilete og til inspirasjon for utviklinga av kulturarvsinstitusjonar i andre delar av landet. Denne historia er viktig å ha med når me i desse dagar diskuterer framtida for arkiva og musea i Agder. I 2023 har museum- og arkivstrukturen i Agder vore gjenstand for eit omfattande utgreiingsarbeid som vart initiert av Agder fylkeskommune. Me har tatt del i utgreiingsarbeidet med både direktør og medarbeidarrepresentant. Nå ligg utgreiinga føre, og me ser fram til gode og ambisiøse diskusjonar om AAma si framtid i 2024. Uansett kva utfallet blir, er me overtydde om at tett samarbeid på tvers av ulike forvaltningsnivå og faggrenser om å forvalte kulturarven til beste for samfunnet, er heilt nødvendig, også i framtida.

Men utgreiingsarbeid er berre ei lita flik av arbeidet vårt i 2023. Først og fremst har me jobba for å løyse vårt viktige samfunnsoppdrag som i stort handlar om å bidra til demokrati og ytringsfridom. Me skaper kunnskap, formidlar og forvaltar den rike kulturarven og historia i regionen. Gjennom det, er me også viktige bidragsytarar til samtalen om kven me er og kven me skal vere til for i samtida. Dette er tankar som også står heilt sentralt i AAma sin nye strategi som me har utvikla i 2023. Organisasjonen har, saman med styret hatt fruktbare og inspirerende diskusjonar om kva som skal vere dei viktigaste prioriteringane for verksemda vår dei neste åra. Styret vedtok ny strategi i november, og no startar arbeidet med å sette måla ut i livet.

Eitt av dei nye målområda våre, som me har kalla *Gjestfri og mangfaldig*, har me allereie fått gode resultat på. 2023 blei eit nytt år med solid publikumsrekord for alle besøksstadene våre. Med til saman 94 353 registrerte besøkande, vart det ei auke på heile 41% samanlikna med 2022. Me er utruleg stolte av tala våre, men me er kanskje enda stoltare av vegen fram til gode besøkstal. 2023 var året der me satsa breitt på å samarbeide med gode venner utanfor musea våre om å utvikle nye tilbod. I Arendal ga særleg 300-års jubileet for Arendal og Risør by ei gyllen


moglegheit for oss til å knytte nye kontaktar. Samarbeidet med Arendal vaksenopplæring, Tyholmen frivilligsentral og Med hjerte for Arendal om draktutstillinga *Stolt og Staselig* er me ekstra begeistra for. I arbeidet med denne utstillinga kom me tett på ein del av befolkninga som i liten grad har besøkt oss tidlegare.

Samarbeid betyr også mykje for oss i arbeidet med immateriell kulturarv. I Grimstad fekk me, i lag med Kystlaget Terje Vigen, vist publikum tradisjonshandverk i form av klinkbygging av ei ny rosjekte. I Setesdal er samarbeid med frivilligheita heilt avgjerande for at me saman skal bidra til å styrke, dokumentere og gjere levande elementa


i folkemusikken og -dansen som er listeført hos UNESCO. Me er opptatt av at Setesdalsmuseet må ta ei enda tydelegare rolle i arbeidet med den immaterielle kulturarven i framtida, og er stolte av den verdsettinga som ligger i det ekstra tilskotet me fekk til dette på statsbudsjettet i 2023.

Også Arkivverket har gjeve oss stor tillit ved å tildele AAma utviklingsmidlar for å ta vare på og gjere fotoarkiva til agderavisene Fædrelandsvennen og Agderposten tilgjengelege. Ansvar for å forvalte desse verdifulle arkiva gjer det mogleg å utvikle nye digitale arkivtenester, og ikkje minst formidle eit rikt fotomateriale som publikum i regionen kan kjenne seg att i.




Torunn Ostad
Styreleiar




Ellen K. Aslaksen
Direktør

Forrige

Neste



AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV SI SAMFUNNSROLLE OG MÅL

Formålet til Aust-Agder museum og arkiv er formulert slik i selskapsavtalen:

Aust-Agder museum og arkiv IKS skal forvalta, driva og utvikla museums- og arkivfeltet i Aust-Agder ved å:

- arbeid for at verdifulle kulturminne, bygningar, gjenstandar, arkiv og andre informasjonsberarar av historisk og administrativ verdi blir samla inn, teke vare på og gjort tilgjengelege for allmenta, for forskning, kulturelle og administrative formål.
- aktivt formidla samlingane til institusjonen og avtalepartane saman med historia og kulturarven i fylket slik at det fremjar velferda og dei demokratiske rettene til innbyggjarane. Barn og unge skal prioriterast i formidlinga.
- arbeid aktivt med forvaltning, forskning, formidling og publisering, gjera Aust-Agders kultur og historie levande for befolkninga og bidra til aktiv distriktsutvikling i Aust-Agder.
- vera faginstans for deltakarane i museums- og arkivfaglege spørsmål.
- utvikla fagleg og administrativ kompetanse ved lokale museum og samlingar og arbeid for at lokale kulturminne og lokal tradisjon blir teken vare på.

I tråd med strategien vår skal Aust-Agder museum og arkiv:

- vera ein dørøpnar til fortid, samtid og framtid og eit leiande fagmiljø for arkiv og museum
- vera eit leiande regionalt museum og arkiv med sterke fagmiljø, med tydeleg ambisjonar om å levera tenester på godt nasjonalt nivå
- vere ein viktig og relevant møteplass for heile befolkninga i Aust-Agder og tilreisande
- jobbe ut frå eit samfunnsaktuelt perspektiv

Hovudmål 2018-2023

Aust-Agder museum og arkiv skal vera ein synleg, aktuell og attraktiv samfunnsaktør og samarbeidspartnar, som opnar døra til Aust-Agders historie og kultur, både fysisk og digitalt. Dette betyr mellom anna:

- auka publikumsbesøk ved alle avdelingar
- vidareutvikle strategisk partnerskap innan marknadsføring og formidling
- starte opp eit langsiktig og ambisiøst program for å auka kvaliteten/innsatsen på gjenstandsforvaltninga
- føre tilbake verdifulle og unike gjenstandar og arkiv som høyrer til regionen
- auke digitaliseringstakten vesentleg, og utvikla nye digitale tenester for publikum og eigarane våre
- organisere og implementera forskings- og utviklingsarbeidet ved AAMA
- gode og relevante tenester innan arkiv for eigarkommunane

HØGDEPUNKT I 2023

BESØKSREKORD FOR AAMA

AAma hadde i 2023 det høgste besøkstalet nokon gong. Heile 94 353 menneske besøkte våre arenaer, arrangement og andre tilstellingar. Den gledelege veksten speglar ein stor aktivitet, og viser at me har ein mangfaldig måte å jobbe med publikum på. I Arendal var det 300 årsjubilé. I Grimstad kunne vi igjen invitere til store familiedagar. Og Setesdals magnetar, Bjoren og Mineralstien, sørjde for godt besøk og i 2023.

På KUBEN var 34.036 menneske innom i løpet av året som var ei auke på 26%. Hos Grimstad bys museer kom 13.000 blank innom, noko som utgjør ei auke på gode 22%. Setesdalsmuseet hadde heile 44.637 besøkande.

METODISK OPPLÈGG FOR KVALITATIVE, FAGFELLEBASERTE VURDERINGAR AV MUSEA I DET NASJONALE MUSEUMSNETTVERKET

Direktør i AAma har leia arbeidsgruppa som vart oppnemnd av Kultur- og likestillingsdepartementet til å utarbeide eit metodisk opplegg for vurdering av musea i det nasjonale museumsnettverket. Målet med evalueringsopplegget er betre og meir treffsikker oppfølging av den kvalitative utviklinga til musea i etterkant, både i politikktutviklinga og for musea sjølv.

Både Arendal og Risør feira 300 år i 2023.

Det farga aktiviteten på KUBEN med mellom anna tre nye utstillingar:

De hvide seil – utstilling på KUBEN og i Arendal sentrum

To utstillingar med same namn «De hvide seil» vart opna på KUBEN i januar av fylkesordførar

Thomassen og på Kanalplassen i Arendal i mai. Dei tok utgangspunkt i seglskutearkiva frå Agder 1820-1920 som finnes i magasina på KUBEN. For 150 år sidan var Noreg verdas tredje største sjøfartsnasjon, og Sørlandet var sentrum for landets seglskuter. Utstillingane fortel historier om menneske og skip i medvind og motvind.

Begge utstillingane var eit samarbeid mellom arkivavdelinga og museumsavdelinga. Utstillinga har fått brei omtale, mellom anna i Aftenposten *Historie* og Agderposten. Den vart og omtalt i fagtidsskriftet *Museum* der den fekk gode kritikkar.

Jubileumsutstillinga Byliv!

Arendal og Risørs 300-årsjubileum vart og feira i Ope magasin med utstillinga «Byliv!» Her vart mangfaldet gjennom 624 gjenstandar knytt til livet i byen frå 1700-tallet til i dag vist fram.

Ein digital katalog utvida opplevinga hjå publikum, ei løysing som og er meir berekraftig enn ein trykt katalog. Dei 580 besøkande som brukte den digitale katalogen, besøkte heile 2500 sider.

Samarbeidsprosjektet Stolt og Staselig

I juni vart det fulle hus da me opna utstillinga «Stolt og Staselig», ei opning som var eit festfyrverkeri i fargar, musikk, dans, latter og god stemning. I utstillinga stilles 11 flotte drakter ut saman med nokre av våre historiske drakter. Over 40 frivillige frå ulike nasjonar deltok i prosjektet som var eit spennande samarbeid med Arendal voksenopplæring, Med hjerte for Arendal og Tyholmen Frivilligsentral. I sentrum av prosjektet stod samskaping, involvering og inkludering.

I tillegg til sjølve utstillinga var og ulike arrangement knytt til prosjektet gjennomført både på KUBEN og hjå andre aktørar i Arendal.

STOR UTTELJING PÅ SØKNADER OM STATLEG PROSJEKTSTØTTE

I 2023 vart AAma tildelt heile 1,3 mill. kr i statleg prosjektstøtte til tre ulike arkivprosjekt innan ordninga «Arkivutviklingsmidlar i arkivsektoren». Den største enkelttildelinga var på 1. mill. kroner til prosjektet «Pressefotoarkiv på Agder - bevaring og tilgjengeliggjering av bildearkiva til Agderposten og Fædrelandsvennen».

Dei to andre prosjekta som fekk støtte var «Pilotprosjekt - Metode for bevaring av mindre digitalt skapte privatarkiv» og «Arkivtenesta - Ei opplysningspodcast om arkiv- og dokumentasjonsforvaltning».

UTSTILLING OM STATENS GARTNARSKULE

I 2023 var det 100 år sidan Statens Gartnarskule vart opna på Dømmesmoen i Grimstad. I høve jubileet vart det skipa ei utstilling om skulen. Den vart opna av ordførar i Grimstad, Beate Skretting den 3. juni med over 1100 gjestar. Mange gamle elevar frå gartnarskulen fann vegen til opninga, og dei fekk høve til å sjå gjennom skuleavisa «Kveka» og elevlagets album. I samband med prosjektet vart eit minneinnsamlingsprosjekt og gjennomført. Ei av dei nye gjenstandane som vart innlemma i samlinga i samband med prosjektet, var den gamle vogna frå garden på Dømmesmoen som i si tid vart brukt av elevane i 17. mai-toget.



RELEVANT FORMIDLING

FORMIDLING FOR BARN OG UNGE

AAma har eit variert tilbod til skuler og barnehagar, både gjennom DKS og våre egne skulekatalogar. Dei pedagogiske opplegga er baserte på kultur- og naturhistoriske tema som ligg innanfor verksemdsområde til AAma. Dei er og tilpassa gjeldande læreplanar frå barnehage til vidaregåande skule.

Tilbod gjennom DKS og direkte mot skulane i 2023 var mellom anna:

- Løyesaum og tradisjonar omkring matlaging
- Museets skjulte skattar
- Ibsen-museet og «Det forsvunne manuskriptet»

AAma har barn og barnefamiliar som ei prioritert målgruppe. På KUBEN vart «Gøy for barn» arrangert seks gonger, i tillegg til aktivitetar for barn i skulens ferier og 1. søndag i advent med verkstader og juleteater. I Grimstad vart aktivitetshфта på Sjøfartsmuseet og Hagebruksmuseet revidert og trykt opp i ny utgåve, og Sjøfartsmuseet utvida aktivitetstilbodet i kafeen for barn og unge i sommarsesongen og haustferien. Hausten 2023 starta KUBEN opp «BabyTirsdag», eit tilbod retta mot foreldre som er heime i barselpermisjon. Fleire av deltakarane har fleirkulturell bakgrunn.

PRODUKSJON AV DKS-TILBODET «KVAR VART DET AV SKOGEN»

Gjennom heile året har alle pedagogane i AAma arbeidd med DKS-opplegget «Kvar vart det av skogen» som skal ut på turné i januar og februar 2024. Tilbodet er for elevar på 8. og 9. trinn gjennom DKS i fylkeskommunen. Det sett lys på berekraftig utvikling med inngong gjennom regionens historie og byggeskikk. Faggruppa for formidling til barn og unge har hatt fleire workshops, planleggingsmøte og spilt inn film på Sjøfartsmuseet, KUBEN, Merdø og i Setesdal. Filmen vart produsert av ein elevbedrift frå vidaregåande skule.

ARENDALSVEKA

For første gang på fleire år har vi igjen hatt arrangement på KUBEN under Arendalsveka. I samarbeid med Norges museumsforbund vart temaet «Bunad for alle?» sett på dagsorden. Dette vart knytt til utstillinga «Stolt og Staselig». Det var deltakarar frå Randsfjordmuseet, Stavanger museum, Valdresmusea, Skeivt arkiv og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Arrangementet vart godt besøkt, og publikum deltok ivrig i debatten om bunad verkeleg er for alle. Eit anna arrangement under Arendalsveka var knytt til Oselias kokebok. Matseminaret «Snakk om mat» vart arrangert på KUBEN. Der vart og forskingsprosjektet *FoodLessons: Kulinarisk arv som en ressurs i bygging av «Matnasjonen Norge 2030»* presentert. Oselias kokebok vart mellom anna gitt som gåve til over 40 bidragsytarar. Arrangementet vart godt besøkt, og Oselias kokebok fekk mykje positiv omtale.



NYE UTSTILLINGER

Systemspel

Systemspel er ei vandreutstilling laga av Benedicte Maurseth og produsert av Osafestivalen. Tema er kvinnelege spelemenn. Utstillinga vart sett opp på Sylvartun, og Nina Byttingsmyr var spelemann i høve åpningsdagen.

Klinking av ro-sjekte

I samarbeid med Kystlaget Terje Vigen vart tradisjonen med klinkbygging av båtar levandegjort på Sjøfartsmuseet. I løpet av sommaren bygde båtbyggjarane Torfinn og Johannes Gjeruldsen ei ro-sjekte utanfor museet medan publikum kunne sjå. Dette var levande formidling av ein tradisjon som står på UNESCOs verdsarvliste, noko som har engasjert publikum.

Setesdal stavkyrkje

I samband med prosjektet som planlegg bygging av ei ny stavkyrkje i Setesdal, er det under arbeid ein stor modell av stavkyrkja. Denne var stilt ut på Setesdalsmuseet i sommar.

Filatelistutstilling

I september var KUBEN vertskap for den regionale frimerkeutstillinga «Skagerak 2023», i samarbeid med Arendal Filatelistklubb. Utstillinga var open i tre dagar og vart godt besøkt. I samband med utstillinga vart det helde eit foredrag og ei boklansering i regi av Arendal Filatelistklubb og eit frimerkeverkstad for barn.

Vottar og vantar, sokkar og strømper

På hausten var det eit samarbeid med Arendal og omegn husflidslag med tittelen «Vottar og vantar, sokkar og strømper – og kanskje muffedisser». Saman med medlemmene sine produkt og museets egne vottar og sokkar vart utstillinga ei fin ramme for samtale blant stikkarar og andre interesserte.

Fotoutstilling saman med Vest-Agder-museet

I samarbeid med VAM, vart det sett opp ei fotoutstilling i Kristiansand, med motiv frå Agder.

Avtrykk

Arbeidet med å publisere artiklar i form av «avtrykk» held fram i 2023. Det er artiklar som har utgangspunkt i arkiva på KUBEN. I løpet av 2023 er det publisert 12 avtrykk i Agderposten, 5 avtrykk i Fædrelandsvennen og 6 avtrykk i Aftenposten Historie. Spannande var det at to av artiklane i Agderposten fant vegen til VG. I tillegg vart ei rekkje avtrykk publisert i lokalaviser i Risør, Lillesand og Birkenes.

ANNA FORMIDLING

I samband med Kulturéné i august, vart det laga til eit formidlingsopplegg retta mot blinde og svaksynte. Ole Bull-akademiet, som tidlegare har hatt sine kurs i Bykle, hadde første samlinga ved Setesdalsmuseet hausten 2023.



KURS OG ARRANGEMENT I 2023

DATO	ARRANGEMENT	STED	DATO	ARRANGEMENT	STED
	Kurs: trihøgeloft (pågjekk heile året)	Setesdalsmuseet	16 apr	Gøy for barn: verksted - brett en frosk	KUBEN
15 jan	Åpningsarrangementet De hvide seil	KUBEN	19 apr	Foredrag: Hundre år med Setesdal bilruter	Iveland og Vegsdal bygdemuseum
15 jan	Gøy for barn: Knuteverksted	KUBEN	19 apr	Foredrag: En overvintring i Arktis	Sjøfartsmuseet
18 jan	SeniorOnsdag: Omvisning i De hvide seil	KUBEN	22 apr	Historisk vandring på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
25 jan	Kulturkveld: Skeivhet til sjøs	KUBEN	26 apr	Foredrag: Draktutvikling i Setesdal	KUBEN
1 feb	SeniorOnsdag: Vikingkvinnen fra Molland	KUBEN	27 apr	Slektsforskerkveld	KUBEN
7 feb	Foredrag om Grimstads sjøfartshistorie	Fjære Grendehus	3 mai	I Hamsuns fotspor over heia	Grimstad
9 feb	Kjenn din lbsen: <i>Peer Gynt</i>	Grimstad bibliotek	3 mai	SeniorOnsdag: Bystyring i Arendal og Risør	KUBEN
15 feb	SeniorOnsdag: Introduksjon til Byliv!	KUBEN	9 mai	Kurs: Byggeskikk i mellomalderen (9.-10. mai)	Setesdalsmuseet
16 feb	Magisk natt på museet	KUBEN	23 mai	Kulturkveld: Roald Skibsrud	KUBEN
18 feb	Vinterferieverksted Viking pung (18.-25.02)	KUBEN	24 mai	SeniorOnsdag: Samlingene forteller	KUBEN
22 feb	Foredrag: Den dødsdømte nordpolekspedisjonen	Sjøfartsmuseet	1 jun	Bjoren på Byglandsfjorden (66 turer fra 1.6-31.8)	Bjoren
23 feb	Aktivitetsdag	Setesdalsmuseet	3 jun	Utstillingsåpning: Statens Gartnerskole	Hagebruksmuseet
23 feb	Foredrag om Grimstads sjøfartshistorie	Groos kafé	3 jun	Foredrag: Om Dømmesmoen som institusjon	Hagebruksmuseet
28 feb	Opplesning av <i>På gjengrodde stier</i>	Hamsun-museet	3 jun	Foredrag: Min oppvekst på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
1 mar	Kulturkveld: Museets sjulte skatter	KUBEN	3 jun	Spiselige blomster og planter	Hagebruksmuseet
2 mar	Aktivitetsdag	Setesdalsmuseet	4 jun	Foredrag om arkeologi på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
8 mar	SeniorOnsdag: Et glimt fra kvinners liv under 2.verdenskrig	KUBEN	4 jun	Vandring og info om fornminner på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
9 mar	Kjenn din lbsen: <i>En folkefeide</i>	Grimstad bibliotek	4 jun	Vårmarked	Hagebruksmuseet
9 mar	Aust - Agder museum- og arkivlag, årsmøte og foredrag	KUBEN	4 jun	Åpningsarrangementet Stolt og Staselig	KUBEN
22 mar	Kurs: Stillas	Setesdalsmuseet	8 jun	Foredrag: Vegar og vegstell i Setesdal	Setesdalsmuseet
22 mar	Arkeologidag på KUBEN	KUBEN	8 jun	Foredrag: Om bygningsvern	Maihaugen
22 mar	SeniorOnsdag: Langsæstrutsens museum	KUBEN	11 jun	Opning utstilling: Tømmerhoggaren og reiskapen han bruka	Elvarheim
25 mar	Vaffelens dag med Sjømannskirken	Sjøfartsmuseet	11 jun	Sesongåpning med klinkbygging	Sjøfartsmuseet
26 mar	Påskearrangementet	KUBEN	11 jun	Åpent tun	KUBEN
28 mar	Foredrag: I institusjonens vold?	Hamsun-museet	13 jun	Foredrag: Draktutvikling i Setesdal	Bykle
29 mar	Kulturkveld: Seilskutetidens maler i Grimstad	KUBEN	15 jun	Konsert: Setesdal og setesdølar	Rygnestad
12 apr	SeniorOnsdag: Mat og tradisjoner	KUBEN	17 jun	Opning utstilling Systerspel	Sylvartun
13 apr	Kjenn din lbsen: <i>Rosmersholm</i>	Grimstad bibilotek	24 jun	Øyvandring for barn på Merdø (ukentlig. 24.06-13.08)	Merdø
13 apr	Foredrag: Bunadshistorie (AAMAL)	KUBEN	24 jun	Øyvandring på Merdø (ukentlig. 24.06-13.08)	Merdø

FYSISKE BESØK 2023

	2023	2022	2021
KUBEN	23 001	18 933	11 737
Setesdalsmuseet	29 659	31 540	19 142
Grimstad bys museer	12 696	10 639	8 837
Totalt for AAMa	65 356	61 112	39 716
Stands/eksterne arenaer*	26 317	2 767	
Eydehavn Museet	956	851	471
Elvarheim museum	1 459	1 374	1 349

* På grunn av pandemien vart alle større arrangement avlyst i 2021.



DATO	ARRANGEMENT	STED	DATO	ARRANGEMENT	STED
27 jun	Konsertar i Setesdal (35 konsertar. 27.6–25.7)	Setesdal	10 okt	Kjenn din Ibsen: <i>Gildet paa Solhoug og Olaf Liljekrans</i>	Grimstad bibliotek
1 jul	Sommerverksted - tinnsoldater (1.–31.07)	KUBEN	11 okt	SeniorOnsdag: Omvisning i Arkivmagasin	KUBEN
9 jul	Open dag i bygdetunet	Iveland og Vegusdal	11 okt	Foredrag: Frå postveg til Riksveg	Kristiansand
15 jul	Slåttedag	Rygnestad	12 okt	Foredrag: Egdene i engelsk fangenskap (AAMAL)	KUBEN
5 aug	Dommelideikonsert	Setesdalsmuseet	15 okt	Kulturpatrulja 10 år	Setesdalsmuseet
6 aug	Folkemusikkur med veteranbuss	Valle	18 okt	Kurs: Partering	Elvarheim
12 aug	Kulturpatrulja på Landbrukets dag	Evje	20 okt	Folk møter folk	KUBEN
15 aug	Arendalsuka: Museumsdag	KUBEN	24 okt	Noveller og vin	Hamsun-museet
16 aug	Arendalsuka: Matseminar (16.–17.08)	KUBEN	27 okt	Kulturkveld: En rød trå i drakthistorien: Duskene på beltet	KUBEN
26 aug	Kulturné konsertar	Sylvartun	1 nov	SeniorOnsdag: Hans Jakob Thorsen - en klåfingra arendalitt	KUBEN
27 aug	Museumsdagen	Iveland og Vegusdal	2 nov	Kulturpatrulja for fylket	Hovden
27 aug	Åpen gård og Bondens marked	Hagebruksmuseet	3 nov	Agderseminaret (3.–4.11)	KUBEN
30 aug	Kulturkveld: Med fartstid i slavehandelen	KUBEN	7 nov	Organisering av Setesdal Bilruter	Evje
31 aug	Foredrag: Frøboka	Setesdalsmuseet	8 nov	SeniorOnsdag: Risør Sjømannsforening	KUBEN
2 sep	Lislefarmen	Bygland museum	11 nov	Designernes julemarked (11.–12.12)	KUBEN
2 sep	Bykledagane	Lislestog	15 nov	Noveller og vin	Hamsun-museet
3 sep	Høstmarked og Soppens dag	Hagebruksmuseet	17 nov	Bygdekveld/tema Birøkt i Åmli	Elvarheim
6 sep	SeniorOnsdag: Notto Fipp	KUBEN	22 nov	SeniorOnsdag: Votter og vanter	KUBEN
14 sep	Foredrag: Profiler i Arendals kulturliv 1800 (AAMAL)	KUBEN	23 nov	Kjenn din Ibsen: <i>Hedda Gabler</i>	Grimstad bibliotek
15 sep	Filatelistutstillingen (15.–17.09)	KUBEN	23 nov	Foredrag: Språklig sensitivitet (AAMAL)	KUBEN
15 sep	Boklansering - Poskortkatalogen	KUBEN	28 nov	Foredrag: Om bygningsvern	Grimstad
16 sep	Gøy for barn: Frimerkehjørne (1.–17.09)	KUBEN	29 nov	Kulturkveld: Helten fra Arendal	KUBEN
16 sep	Årsmøte + foredrag: Skipsposthistorisk forening	KUBEN	30 nov	Foredrag: Om Rønnesferja	Sjøfartsmuseet
19 sep	Opplesning av <i>Under Høststjernen</i>	Hamsun-museet	1 des	Tenning jolegate Rysstad	Setesdalsmuseet
20 sep	SeniorOnsdag: Møt fuglene på Langsæ gård	KUBEN	3 des	1. sundag i advent	Setesdalsmuseet
21 sep	Foredrag: Ibsen og fenomenet Ibsen	Grimstad bibliotek	3 des	Teaterforestilling: <i>Snekker Andersen</i>	Setesdalsmuseet
26 sep	BabyTirsdag (ukentlig)	KUBEN	3 des	Julearrangementet	KUBEN
2 okt	Høstferiemoro (2.–6.10)	Sjøfartsmuseet	6 des	SeniorOnsdag: Samtale om Schwach	KUBEN
3 okt	Høstferieverksted Lykter av servietter og glass (3.–8.10)	KUBEN	7 des	Lansering av Aust-Agder-Arv	KUBEN
5 okt	Faye selskapets årsmøte og foredrag	KUBEN			
9 okt	Foredrag: Stavkyrkjeprojektet og modellen	Setesdalsmuseet			

DIGITALE BESØK 2023

	Nettsteder	Facebook	Instagram	Nyhetsbrev abonnentar
KUBEN	132 538	5 425	1 944	1 171
Setesdalsmuseet	17 333	5 743	0	0
Grimstad bys museer	29 058	6 043	2 889	724
AAma	4 100	98	-	-

*Besøkstalet fordeler seg slik: kubenarendal.no (52 707), avtrykk.no (61 844), oselia.no (14 920) og gjenstand.no (3 067).

**Facebook følgjarar fordeler seg slik: Setesdalsmuseet (2 000), mineralstien (672) og Bjoren (1 000), Kulturpatrulja (2 071).

***Besøkstalet fordeler seg slik: gbm.no (28 361) og Filmspel™ Henrik (697). Facebook: Ibsen-museet (1 000), Sjøfartsmuseet (2 394), Hagebruksmuseet (1 360), Hamsun-museet (273) og Grimstad bys museer (1 016). Instagram: Ibsen-museet (961), Sjøfartsmuseet (1 098), Hagebruksmuseet (501) og Hamsun-museet (329).

HEILSKAPLEG SAMLINGSFORVALTNING

STANDARD FOR SAMLINGSFORVALTNING - SPECTRUM 5.0

SPECTRUM er ein britisk standard for samlingsforvaltning. Den er utarbeidde av Collections Trust og The SPECTRUM Community. Standarden er bygd opp rundt ulike policier. Kulturdirektoratet tilrår at musea brukar standarden, og AAma har derfor sett i gang arbeidet med å implementere han i samlingsforvaltninga. Arbeidet med Spectrum 5.0 vart satt i gang i 2022 og blir avslutta i 2024.

I 2023 jobba Faggruppa for samlingsforvaltning med tre policier: Policy for bruk av samlingar, Policy for bevaring av samlingar og Policy for informasjon om samlingar. Parallelt med utarbeidinga av policieane vart det jobba med dei tilhøyrande prosedyrane. Arbeidet har heile tida vore i tett dialog med leiargruppa.

EVJE FELLESMAGASIN

Huvedoppgåva i 2023 var å fullføre innreiinga i magasinet slik at plassen vart utnytte optimalt i forhold til AAma sine behov. Løysinga som vart valt, var mesanin over delar av rommet, med plass til lave reolar oppe og større gjenstandar under. Resten av rommet fekk pallereolar. Forslaget vart sendt ut på anbod til fire leverandørar, og me fann éin leverandør innanfor budsjettet. I det valte tilbodet inngjekk brukte pallereolar som ga ein lågare pris og klimaavtrykk. Mesaninen vart spesialprodusert på staden. Innkjøp og montering av lave reolar til mesaninen står att.

Retningslinjer for alle som skal jobbe på Fellesmagasinet vart gjennomarbeidd og godkjent. Disse er lagt fysisk i ein perm på magasinet, saman med oppdaterte dokumenter knytt til brannvern og anna viktig informasjon.

Driftsoppgåver, tekniske kontrollar og skadedyrkontrollar er og følgd opp gjennom året. Kontrollane avdekkar behov for to nye tiltak i 2023; tetting mot insekt rundt køyreport inn til mottaket og rundt nødutgang frå magasinet.

INNTAK

Det har ikkje vore aktiv innsamling av gjenstandar i nokon av museumsavdelingane. Setesdalsmuseet tok imot 11 gjenstandar, Museumsavdelinga på KUBEN 70 gjenstandar og Grimstad bys museer 17 gjenstandar, ei mindre fotosamling og ei samling glasplatenegativ. Inntaket er i hovudsak tilbod frå private givarar. Alle inntaka har vorte behandla av ei inntakskomiteé som finst på avdelingane.

GÅVE ETTER KUNSTNAREN OLAV BJØRGUM

I gåve frå arvingane har me motteke kunstsamlinga etter setesdalskunstnaren Olav Bjørgum. Dette er ei omfattande samling beståande av mange skisser (teikningar) på ulike typar papir og ulike motiv, originale scraperboard til illustrasjonar av bøkar og ikkje minst *Jol i Setesdal*, litografi, raderingar, koparplater, måleri og ein del arkivmateriale. Samlinga er gjennomgått, og arkivmaterialet er så langt berre pakka for seg i egne esker.

KONSERVERINGSPROSJEKT

KUBEN har to fantastiske Gude-måleri i samlinga som me ønskjer skal vere tilgjengeleg for publikum. Måleria vart vurdert av målerikonservator i 2022 og konservert i 2023. Dette var og eit kompetansehevingsprosjekt for AAma sin tekniske konservator. Måleria skal stilles ut i 2024, og me har fått sikringsmidlar frå Kulturdirektoratet til dette.

REVISJON AV SAMLINGAR

Mykje sambandsutstyr vart tatt ut av utstillinga på Evjemoen i 2018, fordi det ikkje var godt nok sikra mot tjuveri. Desse gjenstandane er innlånt frå Forsvarsmuseet i Oslo, og det var dei som var på synfaring og tok gjenstandane ut av utstillinga.

FLØISTAD SI FOTOSAMLING

I deler av året hadde me prosjektmedarbeidar på prosjektet. Fram til sommaren var lønnen dekt av AAma. På hausten løyvde Kulturdirektoratet 450.000 kr frå forsøksordninga for aspirantar med funksjonsnedsetting. Me valte då å tilsette prosjektmedarbeidaren vidare i 60% stilling. Dette har vore ei god løysing. Me har hatt ei god produksjon i prosjektet i løpet av 2023.

KLIMAOVERVAKING

Rygnestadmuseet er no varte del av eit særskilt overvakingsprogram i regi av Riksantikvaren og Fortidsminneforeninga der måleutstyr er plassert ulike stader i hovudbygget for å sjå korleis ting utviklar seg.

Klimaet i Ibsen-museet har vore logga gjennom tre år frå 2020-2023. Det er store utfordringar med klima i bygget med store svingingar i luftfukta. Dette aukar

risikoen for angrep av skadedyr (stripa borebille) på utstilte og oppbevarte gjenstandar, bygning og interiør. Ein rapport om forholda vart skriven i 2023.

FOREBYGGANDE ARBEID

Det systematiske IPM-arbeidet har avdekket eit stort angrep av skadedyr på Langsæ gård. Både kjellaren og andre etasje vart omgåande tømt for bruksgjenstandar og museumsgjenstandar. Ein plan for museumsgjenstandane er lagt og dei fleste av bruksgjenstandane er nå ute av huset.

I vår vart det oppdaga eit utbrot av møll i det såkalla «Fuglerommet» på Elvarheim museum. Utstillingane i tilknytning til dette vart demontert, og delar av utstillinga vart pakka ned, fryst og er no mellombels lagra i magasinet på Evjemoen. Det er sett i gang førebuarbeid med tanke på gjenoppbygging av utstillinga.

ENØK-TILTAK

I 2023 vart belysninga i Ibsen-museet skifta ut. Dei gamle gløpærene vart erstatta av nye LED-pærer. Det gamle skinnesystemet kunne nyttast, noko som minimerte inngrepa i det freda huset. Tiltaket vil gje ei større museumsopplevinga og mindre lysslitasje på museumsgjenstandane og interiøret i museet samtidig som straumforbruket går ned.



FORVALTNING ARKIV

STYRKING AV AAMA SI ROLLE SOM ARKIVDEPOT OG ARKIVFAGLEG RESSURS FOR EIGARKOMMUNANE

Digitaliseringa og den pågåande digitale transformasjonen i samfunnet påverkar arkivfaget og arkivforvaltninga på ein omfattande og djuptgåande måte. Det utfordrar både korleis kommunane jobbar med dokumentasjonsforvaltninga si og vår rolle som arkivdepot og rådgivar for eigarkommunane.

For å etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om korleis Arkivavdelinga på KUBEN skal rigga sine arkivtenester framover, besøkte me alle eigarkommunar aust i Agder, inklusiv fylkeskommunen. Saman med arkivansvarlege i kommunane såg me på utfordringane for dokumentasjonsforvaltninga framover og korleis Arkivavdelinga best kan levera i forhold til eigarkommunane sine i framtida.

Arkivavdelinga arrangerte fleire webinar (minikurs) med grunnleggjande tema knytt til informasjonsforvaltning og arkiv. Målgruppa var tilsette i kommunane og fylkeskommunen. Me fekk god respons med over 100 deltakarar på kvar kurs.

DIGITALT SKAPTE ARKIV OG DIGITALISERING

Elektroniske arkiv er og eit område Arkivavdelinga på KUBEN har sterkt fokus på. Det er stabile tal på inntekt av elektroniske bevaringsuttrekk frå kommunane til langtidsdeponering på KUBEN. Dominerande er framleis såkalla «NOARK-uttrekk». NOARK-uttrekka me fekk i 2023 var elektroniske arkiv frå systemet Visma Velferd frå Nav Setesdal og arkivuttrekk frå systemet Visma Famila frå Evje og Hornnes kommune.

Arkivavdelinga på KUBEN får i tillegg stadig fleire uttrekk som baserer seg på «SIARD-standarden». Det er uttrekk i form av «rådata», henta ut frå

relasjonsdatabasar etter den standarden nemnt over. SIARD-uttrekka inneheld data frå skuleadministrative system frå nedlagde Aust-Agder fylkeskommune; systema Sats, Vigo og Otto.

Me har også bygd ut og forsterka tryggleiken rundt arkivuttrekka i det digitale depotet vårt. Digitalisering av KUBEN si store arkivbestand blir det jobba kontinuerleg med. I 2023 vart heile 117.300 dokumentsider digitaliserte og publiserte på digitalarkivet.no. På digitalarkivet.no, som blir driven av det statlege Arkivverket, finn me no mellom anna alle formannsprotokollar frå AAma sine 15 eigarkommunar frå 1837-1950. Her ligg og ei rekkje privatarkiv frå KUBEN.

AUKE I MOTTAK AV PRIVATARKIV OG STORT BILETARKIV I GÅVE FRÅ AGDERPOSTEN

I 2023 opplevde me ein stor vekst i mengda av mottekne papirbaserte privatarkiv. Samla utgjør tilveksten på heile 131 hyllemeter, noko som er ein signifikant auke frå 2022.

Mange av privatarkiva som kom inn er små, éin arkivboks eller mindre. Arkivet etter Bosvik AS var i særklasse, og det største. Bosvik AS var ei møbelbedrift og innreiingsprodusent, som mellom anna leverte spesialmøblar til biblioteket i Alexandria i Egypt. Bedrifta vart etablert i 1949, og gjekk konkurs i 2023.

Den 19. desember 2023 signerte Agderpostens sjefsredaktør, Katrine Lia ein avtale der AAma fekk Agderpostens omfattande biletarkiv som gåve. Arkivet omfattar titusenviis av fysiske fotografi frå 1970-talet til byrjinga av 2000-talet. Motiva spenner frå dramatiske hendingar til kvardagsliv. Samlinga representerer eit unikt bilete av Agders historie, politikk og samfunnsliv gjennom fleire tiår.



MINNE OG SAMTIDSDOKUMENTASJON

Ved Aust-Agder museum og arkiv har i det inneverande året blitt arbeidd med den nye personvernlovgivinga og kva den inneber for oss, både med omsyn til minneinnsamling og anna aktivitet. Arbeid med ei strategisk plan for minne og samtidsdokumentasjon vart og satt i gang. Dette arbeidet fortsett i 2024 i ei eige prosjektgruppe.



SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON

AAma byggjer på OECDs definisjon av forskning i kunnskapsarbeidet sitt. AAmas eigenart som museums- og arkivinstitusjon gir likevel egne føresetnader for å forska, eksempelvis ved nærleik til kjeldene og kontakt med publikum.

Forskinga blir organisert og blir styrt som ein integrert del av verksemda på linje med resten av kjerneverksemda.

Me er og opptekne av betydninga av det forskingsførebuande arbeidet. Arbeid med samlingane, utstillingar og anna formidling er del av og gir idear og materiale til framtidige forskingsprosjekt og vice versa. Derfor er me opptekne av at verksemda driv kunnskapsproduksjon og dokumentasjonsarbeid på ein slik måte at det blir mogleg å bruka det i forskning på eit seinare tidspunkt.

AUST-AGDER ARV 2023

Kristoffer Vadum (red.) Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023. Årbok for Aust-Agder museum og arkiv. 200 sider.

BØKER

Kristoffer Vadum, K.H. Grørdum og T. Olsen (red.)

Utenforskap, stigmatisering og fremmedfrykt på Agder: 1860 til i dag. Agderseminaret 2022. Cappelen Damm Akademisk 2023. 208 sider.

<https://doi.org/10.23865/noasp.201>

FAGFELLEVDERTE ARTIKLAR

Monika Kurszus Håland: «Arendal som Norges første antirasistiske sone – opprinnelse, forankring og ettervirkning». I K. Vadum, K. H. Grørdum & T. Olsen (red.), Utenforskap, stigmatisering og fremmedfrykt på Agder: 1860 til i dag, s. 147–164. Agderseminaret

2022. Cappelen Damm Akademisk 2023. Cappelen Damm Akademisk 2023.

<https://doi.org/10.23865/noasp.201.ch7>

Kristoffer Vadum: «Mellom fordømmelse og fortielse: Dekningen av Folkebevegelsen mot innvandring i lokale aviser fra Aust-Agder». I K. Vadum, K. H. Grørdum & T. Olsen (red.), Utenforskap, stigmatisering og fremmedfrykt på Agder: 1860 til i dag, s. 125–146. Agderseminaret 2022. Cappelen Damm Akademisk 2023. Cappelen Damm Akademisk 2023.

<https://doi.org/10.23865/noasp.201.ch6>

ARTIKLAR

Maria Björkroth: «Mina härliga tallar funnos ej mer». En skog av kunskap. Dalarnas hembygdsbok 2023, s. 57–61.

Marianne Eldorhagen: «Lykkelig som liten – arkeologisamlingen på KUBEN og hvordan den ble til». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 135–149.

Håkon Haugland: «Deltagelse, medbestemmelse, innflytelse? Borgere og bystyring i Arendal og Risør før 1837». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 26–57.

Håkon Haugland: «Rådhus eller ikke? Rådstuesaken i Arendal og Risør rundt 1800». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 58–75.

Håkon Haugland: «I sjøfartens tid. Arendal-1723-1900. Vedlegg til bind 2 av Arendal by- og regionshistorie». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 168–199.

Håkon Haugland: «Rett mann til rett tid? Stattholder Ditlev Vibes rolle i det politiske spillet som endte med at Arendal fikk kjøpstadsstatus i 1723.» Sånn var det. Årbok for Arendal historielag 2023, s. 19–43.

Gaute Christian Molaug: «Da Arendal og Risør fylte 200 år». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 76–85.

Gaute Christian Molaug: «Bark 'Springbank' av Tvedestrand». Den gang - på våre kanter. Årbok for Dypvåg, Holt og Tvedestrand historielag 2023, s. 62–65.

Gaute Christian Molaug: «MS Fandango». Den gang - på våre kanter. Årbok for Dypvåg, Holt og Tvedestrand historielag 2023, s. 133–136.

Anne Klippenvåg Pettersen: «Jakten på KUBENS første museumsgjenstand». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 128–133.

Ingvild Velure: «En bemerkelsesverdig karriere – og klærne som ledsaget den». Ikke bare jubel. Aust-Agder-Arv 2023, s. 118–127.

SEMINAR OG KONFERANSAR

I samarbeid med forskarnettverk Agder har AAma vore involvert i planlegging og gjennomføring av «Agderseminaret 2023», som vart arrangert på KUBEN den 2. og 3. november, med mellom 60 og 70 deltakarar kvar av dagane. Ved sida av dette er det gjennomført internseminar for tilsette med forskningstid den 21. april og 30. oktober. Fire tilsette har delteke på kurs i akademisk skrivning i regi av MUSE 621 ved UiB og skriveseminar til Museumsforbundet på Falstadsenteret.

Pågåande forskingsarbeid er presentert ved innlegg i ein ulike faglege forum:

Maria Bjørkroth: «Det lokale og det internasjonale – setesdalsdrakten og andre norske folkedrakter ved Verdensutstillingen i Paris 1867», utkast til artikkel omarbeidd i regi av MUSE 621.

Egil Blomsø: «Maritime tekstmeldinger – bruk av telegraf i norsk internasjonal skipsfart, 1863–1875», utkast til artikkel omarbeidd i regi av MUSE 621 og sendt til vurdering ved Maritime Perspektiver.

Anita Estensen: «Knut Hamsuns avisartikler under andre verdenskrig.» Innlegg på forskerkonferansen Arkiv, materialitet og nordisk litteratur ved Høgskolen i Innlandet 27.–28. september.

Håkon Haugland: «Skipsbygging som nøkkelnæring». Innlegg på seminar om verftshistorie ved Museum Vest, Bergen 13. mars.

Håkon Haugland: «Neskilen og Arendal. Fra konkurrenter til sentrum og utkant?» Innlegg på Eydehavnseminaret ved Eydehavn museum 17. september.

Håkon Haugland: «Fra storborgerlig hegemoni til Mangfold? Arendalsidentitet og historiebruk fra 1800-tallet til i dag.» Innlegg på Agderseminaret på KUBEN 2. november.

Håkon Haugland: «Kan tollprotokollene gi noen svar? Notater til en artikkel.» Innlegg på seminar i forskingsprosjektet Jerntid på Slottsfjellmuseet i Tønsberg 12. desember.

Jakob Haavik Tønnessen: «Tilknytning i en usikker tid. Hasseldalen Jernskibsbyggeri (1899-1903)». Innlegg på seminar om verftshistorie ved Museum Vest, Bergen 13. mars.

NETTVERK OG SAMARBEID

Forsknings- og dokumentasjonsprosjektet «Innvandringsmotstand og antirasisme på Agder frå 1960-tallet til i dag» (INNEMARI) er eit samarbeid mellom AAma og ARKIVET freds- og menneskerettighetssenter som AAma leier. I 2023 bidrog KUBEN med to fagfelleverderte artiklar i ein antologi der AAma hadde redaktøransvar. Ein annan artikkel vurderast for eit internasjonalt tidsskrift.

AAma er med i eit prosjekt om norsk verftshistorie i regi av Museum Vest. Prosjektet som involverer ei rekkje andre aktørar i det norske sjøfartsmuseumsnettverket, skal munna ut to fagfelleverderte artiklar i ein antologi i 2025.

KUBEN er involvert i forskingskonsortiet «Jerntid - dei gamle jernverka og dei nye berekraftsmåla» som blir leidde av Næs Jernverksmuseum. I 2023 har det vore ei fysisk samling i prosjektgruppa. KUBEN presenterte i den samanhengen forskning som skal munne ut i ein eller fleire fagfelleverderte artiklar.

KUBEN har samarbeidd med IAKH ved UiO om ei mogleg doktorgradsstilling i arkeologi for ein av sine tilsette under ordninga Offentleg sektor-ph.d. Det vil søkjast om midlar frå Forskningsrådet ved første utlysing i 2024.

AAma samarbeid med Universitetet i Agder, Vest-Agder-museet, Statsarkivet i Kristiansand, Næs Jernverksmuseum og ARKIVET freds- og menneskerettighetssenter om Forskarnettverk Agder.

Forskarnettverket Agder arrangerte i 2023 eit seminar som var knytt opp mot byjubilea for Arendal og Risør, med tittelen «Stad og identitet – tilhørrelse og historiebruk på Agder i skuggen av to byjubileum».

AAma koordinerer ei historikarspalte i Agderposten, «I eit historisk lys». Spalta er eit samarbeidsprosjekt med Den norske historiske foreining, avdeling Agder. I løpet av året vart det publisert fire artiklar.



TRYGG IVARETAKING

Det er gjort tilstandsvurderingar av freda- og verneverdige bygningar for fleire private huseigarar i Setesdal. I tillegg har Bygningsvernssenteret leigd inn og gitt råd til eksterne handverkarar ved fleire prosjekt. Dette er eit av verkøya for å auke kompetansen innan antikvarisk bygningsvern innanfor handverksmiljøa.

Setesdal bygningsvernssenter har tett samarbeid med både Agder fylkeskommune, Riksantikvaren, Vest-Agder-museet og Norsk Folkemuseum i tillegg til andre bygningsvernaktørar. Det er satt i gang eit arbeid om å bli godkjent som læringsarena for NTNU sitt bachelorprogram i tradisjonelt bygghandverk, i samarbeid med Vest-Agder-museet og Ryfylkemuseet.

Setesdal bygningsvernssenter har deltatt på fleire møter blant anna med Norsk handverksinstitutt og stiftinga Setesdal stavkyrkje for å drøfte vegen vidare i høve prosessen for bygging av stavkyrkje ved museet på Rysstad. Blant desse var møte hos Riksantikvaren i Oslo i april. Dette er eit prosjekt av nasjonal interesse der ein får formidla og dokumentert kunnskap om teknikkar frå mellomalderen.

Rygnestadtunet

Det er gjennomført strakstiltak i form av istandsetting av gjerder og løebru.

På bakgrunn av ein revidert tilstandsrapport og kostnadsoverslag er det utarbeida ein overordna plan for istandsetting av bygningane på Rygnestadtunet. Første prioritet er våningshuset og trehøgeloft, og arbeidet er i utgangen av 2023 tilnærma fullfinansiert.

Det er innvilga midlar gjennom UKL-ordninga og gjennomført slåttedag, slått og rydding på Rygnestad for å ivareta kulturlandskapet og solblomen. Det er også initiert eit arbeid med å utarbeide eit undervisningsopplegg for formidling av kulturlandskapet og artsrikdomen på staden.

Prosjektet med utvikling av Rygnestad som besøksmål har gått vidare og har også i år hatt ein eksternt prosjektleiar. Arbeidet har hovudsakleg vore knytt til avklaring av regulerings- og eigedomsforhold i samband med mogeleg frådeling av eigedom, og kjøp/leige av gardsbygningane som er planlagt som service- og formidlingssenter på Rygnestad.

Det er kjøpt ein kioskbygning i inngangen til tunet som er ein del av Rygnestadtunet si museumshistorie. Det er inngått ein langvarig avtale for leige av grunnen den står på. Det er planar om å restaurere denne bygningen for å kunne huse tekniske installasjonar for betre sikring og overvaking av tunet.

Tveitetunet

Gammelstog er restaurert og rekonstruert på tunet. Peis og deler av pipe er rekonstruert. Arbeid står att, mellom anna tak, mellombygg og innsetjing av vindauge. Det er gjennomført ein dokumentasjonsprosjekt rundt Eystein Greibrokk sin kunnskap om muring av peis og pipe, der arbeidsprosessen har blitt filma. Resultatet er ein dokumentarfilm som lanserast i 2024.

Eystein Greibrokk er tradisjonshandverkar boset i Grendi, Bygland kommune, som arbeider med restaurering av eldre murverk i bygningar og kulturlandskap. Han arbeider for å få fram murverka som ein del av bygningshistoria, både når det gjeld lokal utforming, kunnskap om materialval og handverk.

Hagen

Det er starta opp eit samarbeidsprosjekt med medeigar Bygland kommune, grunneigar og det frivillige med mål om revitalisering av husmannsplassen Hagen. Museet sin rolle er hovudsakleg knytt til restaurering av bygningane.

Sjøbua på Merdø

I 2022-2023 har sjøbua på Merdø vore i fokus, og eit stort restaureringsarbeid er nesten slutført. Restaureringa har eit totalbudsjett på 1,8 millionar kroner der 800.000 kr er eksterne midlar. I 2022 vart det skeive bygget heva og retta opp. Ei ny mur er lagt under bygget og fleire rotne botnsviller er reparert. I 2023 vart kledning, tak, vindauge og dører restaurert, og eit nytt golv i fyste etasje vart lagt.

Langsæ gård

Under ein av hauststormane vart det oppdaga vasslekkasje på Langsæ gård. For å stoppe dette vart deler av taket reparert i desember.

RESTAURERINGSPROSJEKT AV BYGNINGAR I PRIVAT EIGE

Helle, Valle kommune

Remontering av bygningar frå Setesdal som har vore del av ei bygningssamling på Snarøya i Oslo, gitt i gåve frå Stiftelsen Kaare Berg.

Stolpehus: Remontering av stolpehus, skadde delar vart erstatta, nytt tak og fundamentering rekonstruert etter mønster frå andre dokumenterte bygningar.

Kvernhus: Bygningssenteret var fagleg rådgivar for privat byggfirma, som sto for arbeidet.

Årestoge: Det har vore samtaler med stiftinga om ei mogleg avtale om at museet skal overta ei årestoge som er ein del av samlinga. Det er ikkje konkludert i saka.

Gamle Botn Hotell, Vinje kommune

Gamle Botn skysstasjon vart bygd i 1864 og er det einaste intakte skysstasjonsanlegget som er att i Telemark. Anlegget er eit av Kulturminnefondet sine prestisjeprosjekt der dei har støtta restaurering av både stabbur og hotell over fleire år. Både hotell (som består av fleire tømmerkjerner) og stabbur er flytta til Edland.

Arbeid som er utført: Innsetting av glas, produksjon og montering av listverk. Linoljemaling av fasade.

Ånebjør, Bygland kommune

Ånebjør var i utgangspunktet eit gardsbruk og er fyrste gong omtala i skriftlege kjelder i 1647. I 1875 var det tre bruk på Ånebjør og i tida 1908 til 1913 blei dei handla av Oscar Jebsen. Restaureringsobjektet er ei jaktstoge bygd i 1922 og skal vere teikna av arkitekt Arnstein Arneberg som mellom anna også teikna hovudbygninga på Skaugum.

Innertak er retta opp og panelt. Produksjon og montering av listverk og panel på vegger. Nokre arbeid på yttertak.

KOMPETANSEHEVING

